

**Karmøy kommune**

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykker referanse:

**22/6490**

Dato: **23.09.2022**

Saksnr.: **2022/51862**

Dok.nr.: **3**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 19 bnr 76 – planering av tomt – ny einebustad – fråsegn vedrørande kulturminne**

Fylkesdirektøren viser til søknad om planering av tomt. Tiltaket gjeld planering av tomt for oppføring av einebustad. Det omsøkte tiltaket ligg i bustad-område i gjeldande kommuneplan. Tiltaket er ikkje avhengig av dispensasjon.

Eigedommen er frådelt til bustadtomt i vedtak 01.06.2015, og har tinglyste rettar til veg, vann og avløp.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndighet innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4. Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaket, utover at ein under opparbeidninga av området prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndighet har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing

Leif Håvard L. Vikshåland  
fagleiar

Angunn Skeiseid  
rådgjevar

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.*